

Forskrift om endring i forskrift om opptak til høgare utdanning

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 19. desember 2024 med heimel i lov 1. mars 2024 nr. 9 om universiteter og høyskoler § 8-1, § 8-3, § 8-4 og § 8-5.

I

I forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning er det gjort følgende endringar:

§ 1-1 fjerde (4) ledd skal lyde:

(4) Forskrifta gjeld ikkje ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar, for opptak til utdanning som byggjer på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning. For slike utdanningar har institusjonane fullmakt til å fastsette opptakskrav og rangeringsreglar sjølve dersom departementet ikkje har fastsett slike i anna forskrift eller rammeplan.

§ 2-2 andre (2) og tredje (3) ledd skal lyde:

(2) Søkjarar som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere bestått utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, sjå også åttande ledd, og i tillegg dokumentere kunnskapar i norsk og engelsk med éi av desse prøvene:

Norskprøver:

1. Bestått norsk med 393 timar frå vidaregåande opplæring.
2. Bestått eksamen frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta.
3. Bestått årskurs i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar.
4. Skriftleg og munnleg test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), begge vurdert til «bestått» eller betre resultat.
5. Avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delprøver, jf. lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (Integreringslova) § 37.
6. Frå og med opptak til studieåret 2023–2024 kan kunnskapar i norsk også dokumenterast med en av følgjande kombinasjonar av prøvedelar:
 - a. Bestått eller betre resultat i munnleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med avsluttande prøver i leseforståing, lytteforståing og skriftleg framstilling frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum nivå B2 som resultat i alle tre delprøver.
 - b. Bestått eller betre resultat i skriftleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med delprøve i munnleg kommunikasjon frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum B2 som resultat.

Engelskprøver:

1. Faget Engelsk frå norsk vidaregåande skule (140 timar)
2. Test of English as a Foreign Language (TOEFL) med
 - a. Minst 60 poeng på TOEFL iBT, eller
 - b. Minst 60 poeng på TOEFL iBT Home Edition, eller
 - c. Minst 500 poeng på papirbasert test
3. International English Language Testing Service (IELTS) Academic test eller Online academic test med overall Band Score på minst 5,0 eller betre
4. Cambridge ESOL Examinations
 - a. First certificate in English, eller
 - b. Certificate in Advanced English, eller
 - c. Certificate of Proficiency in English
5. Pearson PTE Academic eller Academic online med overall score på minst 51
6. The European language certificate (telc)
 - a. English B2, eller
 - b. English B2-C1 University, eller
 - c. English certificate på C1-nivå

7. University of Michigan, Michigan Language Assessment
 - a. Certificate of Proficiency (ECPE)
 - b. Certificate of Competency in English (ECCE)
8. Fullført og bestått eitt år i vidaregåande skule eller høgare utdanning frå Australia, Canada, Irland, New Zealand, Storbritannia eller USA, der undervisningsspråket har vore engelsk.
9. Fullført og bestått 60 studiepoeng i engelsk språk og litteratur frå universitet eller høgskule.
10. Fullført og bestått engelskspråkleg mastergrad.

(3) Søkjarar som har fullført utanlandsk vidaregåande utdanning som ikkje er på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse og ikkje kan dokumentere eitt års høgare utdanning jf. åttande ledd, kan få opptak når dei kan dokumentere å ha bestått og fullført fag i samsvar med § 2-1 første ledd.

§ 3-6 bokstav j. skal lyde:

j. *Studium ved Den norske filmskolen ved Universitetet i Innlandet*

§ 3-9 skal lyde:

§ 3-9. *Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i serviceleiing og marknadsføring ved Universitetet i Innlandet*

Universitetet i Innlandet kan ta opp søkjarar med relevant fagbrev som ikkje fyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagde studium i serviceleiing og marknadsføring.

§ 4-2 sjuande (7) ledd skal opphevast og åttande (8) ledd blir nytt sjuande ledd

§ 4-3 nytt femte ledd skal lyde:

(5) *Matematikk: finans, forsikring og økonomi* (bachelor) ved Universitetet i Oslo har krav om matematikk (R1 + R2) og i tillegg fysikk (1 + 2) eller kjemi (1 + 2) eller biologi (1 + 2) eller informasjonsteknologi (1 + 2) eller geofag (1 + 2) eller teknologi og forskingslære (1 + 2) eller samfunnsøkonomi (1 + 2).

§ 4-4 første ledd skal lyde:

(1) *Arkitektutdanning* ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet har krav om matematikk (R1 + R2) og fysikk 1.

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet 1998–1999 og tidlegare studieordningar fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

§ 4-5 andre (2) og tredje (3) ledd skal lyde:

(2) For opptak til *bachelorstudium i samfunnsøkonomi* kan institusjonane sjølv fastsette krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar).

Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

(3) *Bachelor of Data Science for Business* ved Handelshøyskolen BI og *Bachelorstudium i økonomi, leiing og IT* ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet har krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2).

§ 4-5 fjerde og femte ledd skal opphevast.

§ 4 -7 tredje, sjette og sjuande ledd skal lyde:

(3) *Grunnskulelærarutdanning med musikk* har krav om at søkjarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld

ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande. I tillegg kan institusjonen fastsetje krav om dokumenterte kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærmare reglar.

(6) *Grunnutdanning i musikk, dans og drama som er pedagogisk retta* kan ha krav om at søkjarar må dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter vedtak og nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(7) *Yrkesfaglærerutdanning* har krav om fag-/sveinebrev eller anna fullført og bestått 3-årig yrkesutdanning i skule frå vidaregåande opplæring og 2 års relevant praksis etter avslutta utdanning. I dei tilfella der ein må ha autorisasjon for å praktisere i yrket, må ein òg ha autorisasjon for å komme inn på yrkesfaglærerutdanninga.

§ 4-7A skal lyde:

Departementet kan etter søknad frå ein institusjon innvilge unntak frå nivåkrava i § 4-7 første til femte ledd og åttande ledd dersom institusjonen har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta.

For følgande utdanningar har departementet gitt dispensasjon frå krava til karakter i norsk og matematikk og krava til skulepoeng i § 4-7:

- a. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 ved Høgskolen i Østfold
- b. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 ved Høgskulen i Volda
- c. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 ved Høgskulen på Vestlandet
- d. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 ved NLA Høgskolen
- e. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10, samisk grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13, lektorutdanning og grunnskulelærerutdanning for trinn 1–10 ved Nord universitet
- f. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10, grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 med steinerpedagogikk og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 ved OsloMet – storbyuniversitetet
- g. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10, lektorutdanning ved UiT – Noregs arktiske universitet
- h. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10, lektorutdanning og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 ved Universitetet i Innlandet
- i. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 og lektorutdanning ved Universitetet i Stavanger
- j. Grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 ved Universitetet i Sørøst-Noreg

For følgande utdanningar har departementet gitt dispensasjon frå krava til karakter i matematikk i § 4-7:

- k. Lektorutdanning ved MF – vitenskapelig høyskole
- l. Grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10, lektorutdanning med engelsk i første studieår, lektorutdanning med framandspråk i første studieår, lektorutdanning med historie i første studieår, lektorutdanning med idrett i første studieår, lektorutdanning med norsk i første studieår, lektorutdanning med religion i første studieår og lektorutdanning med samfunnskunnskap i første studieår ved Universitetet i Agder.

For grunnskulelærerutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærerutdanning for trinn 5–10 ved Samisk høgskole har departementet gitt dispensasjon frå krava til karakter i matematikk og krava til skulepoeng i § 4-7.

§ 4-8 skal lyde:

§ 4-8. *Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram*

For bachelorprogram som i sin heilskap har engelsk som undervisningsspråk, kan lærestadane sjølve fastsetje krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Kravet gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

§ 4-9 bokstavane k. og m. skal lyde:

k. *Bachelorstudium i dansekunst* ved Høyskolen for Dansekunst

m. *Film- og fjernsynsutdanning* ved Universitetet i Innlandet.

§ 4-10 tredje ledd skal lyde:

(3) *Trafikkklæring* har krav om at søkjarar oppfyller krava til førarkort som gjeld for godkjenning som trafikkklæring.

§ 4-10 nytt tolvte ledd skal lyde:

(12) *Høgskulekandidatutdanning for trafikkklæring for tunge klassar* ved Nord universitet har krav om at søkjarar oppfyller krava til førarkort for klassane BECEDE per 1. mars i opptaksåret, og dokumenterer 3 års yrkespraksis på heiltid per 1. mars i opptaksåret med køyretøy som har tillaten totalvekt over 16 tonn.

§ 5-1 første og andre ledd skal lyde

(1) Søkjarar som på grunn av spesielle omstende ikkje kan gå opp til eksamen i vidaregåande opplæring, og som difor ikkje kan få dokumentasjon på bestått opplæring som normalt er krav for opptak til institusjonar som er omfatta av denne forskrifta, kan få opptak til høgare utdanning på visse vilkår. Søkjaren får opptak til høgare utdanning på vilkår av at han/ho består eksamen i eitt eller fleire fag i vidaregåande opplæring i løpet av første semester etter opptak. Det er ein føresetnad at søkjaren har karakteren 2 eller betre, eller oppfyller andre opptakskrav med standpunktkarakteren i det faget han/ho ikkje har avlagt eksamen i, og at søkjaren ikkje allereie har avsluttande vurdering i faget. Dersom det er fastsett spesielle opptakskrav for opptak til studiet er det ein føresetnad at søkjaren oppfyller desse når eksamen er avlagt.

(2) Opptaksorganet kan gi opptak på visse vilkår der den vidaregåande skulen har stadfesta på søkjarens kompetansebevis at manglande eksamen har si årsak i spesielle omstende, jf. forskrift til opplæringslova § 9-36.

Overskrifta i § 5-2 skal lyde:

§ 5-2. Opptak på visse vilkår for utanlandske søkjarar

§ 7-6 nytt sjettede ledd skal lyde:

(6) For søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring som kvalifiserer for opptak etter § 2-2 (8) reknast tilleggsfag som nemnd i § 7-5 (1), avlagt i norsk vidaregåande opplæring, inn i karakterpoengsum etter en gjennomsnittrekning som om søkjaren hadde 25 karakterar frå det utanlandske vitnemålet.

§ 8-1 første (1) og andre (2) ledd skal lyde:

(1) Reglane for nasjonal klagemnd gjeld klagar over enkeltvedtak i den nasjonale opptaksmodellen for grunnutdanningar ved universitet og høgskular som Samordna opptak ved Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse organiserer.

(2) Reglane for nasjonal klagenemnd gjeld ikkje vedtak om opptak på grunnlag av realkompetanse og vedtak om opptak etter at det er gitt dispensasjon frå enkelte av krava om generell studiekompetanse, jf. § 8-1 i universitets- og høgskulelova. Reglane gjeld heller ikkje for klagar på vurdering av spesielle opptakskrav som omfattar ferdigheiter eller opptaksprøver etter nærmare reglar fastsette av institusjonen. Klagar på slike vedtak skal behandlast i samsvar med den klageordninga som er etablert ved kvar lærestad.

§ 9-1 tiande ledd skal lyde:

(10) Søkjarar som har dokumentert engelsk med (2 + 2) veketimar frå grunnkurs og VKI i yrkesfagleg studieretning i Reform 94, oppfyller kravet om engelsk 140 timar, jf. føresegner gitt i medhald av forskrift til opplæringsforskrifta § 23-5 om korleis fag kan erstatte kvarandre frå Reform 94 til Kunnskapsløftet.

Vedlegg I og II erstattast av vedlagde dokument.

II

Endringsforskrifta trer i kraft straks.